



MESTERHUS

- det blir som avtalt

B-2

HJELMÅS, 27.04.2016

Søknad om dispensasjon frå føresegn i Reguleringsplan

Det vert med dette søkt om dispensasjon frå byggjegrensene i reguleringsplan «Området B4 del av gnr. 233 bnr. 6 og 7 planid.: 1263-07011985.»

Det var eit «varierende» kartgrunnlag tilgjengelig for vurdering av dette, men me meiner no at rett kart i rett målestokk er lagt til grunn. Ein ser at tiltaket kjem i konflikt med byggjgrensa i planen med ca 2 meter.

Eksisterande bustad er allreie over byggjgrensa, og det i større grad en dette tilbygget vil koma. Såleis vil det vera umogleg å realisera tilbygget utan å kome i konflikt med grensa. All den tid det ikkje er naboar i den retning, og tilbygget er underordna eksisterande bygg sin høgde ser ein ikkje at det skulle vera uheldig med ein dispensasjon i denne saka. Vil heller ikkje påverka naboar eller andre slik vi ser det. Ein viser elles til same moment som i søknaden om dispensasjon frå tal etasjar i saka.

All den tid byggjgrensa allereie er undergrave i, ser ein ikkje at det medfører ulemper å gje dispensasjon, og at likhetsprinsippet bør tilleggast vekt. Hensynet bak bestemmelsen ser me ikkje at vert tilsidesett, og den er i alle tilfelle undergrave allereie.

Fordelane er etter vår vurdering klart større enn ulempene og det bør difor kunna gjevast dispensasjon.

Med vennlig helsing

for Bjarne Holsen

Lars Alvær Hagesæter
Dagleg leder

Kålås & Sonner
BYGGEVAREHANDEL